



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	29.09.2015
Tid:	13:30 – 16:45

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøy	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Margaret Leinebø	MEDL	H
------------------	------	---

Varamedlemer som møtte:

Idar Tarberg	Margaret Leinebø	H
--------------	------------------	---

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Leiar avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Camilla Storøy og Olaug Andreassen

Formannskapet vedtok samrøystes at F-sak 178/15 og F-sak 179/15 vert sett på saklista.
F-sak 178/15 vart handsama først i møtet. Dei andre sakene vart handsama i oppsett rekkefølge.

Orienteringar:

- Opning ny veg til Campus Fosnavåg 09.10.15.
- Dåp av Forsvarets spesialkomando sitt fartøy på almenninga i Fosnavåg fredag 16.10.15.
- Avslutningsfest for det avtroppande kommunestyret.

Løyving inntil kr. 40.000,-.

Festkomite: Kaja Runde – innkallar
Linn Therese Hansen Sævik
Sofi Arntsen
Marthe Vågsholm Sævik
Thor-Sigmund Garvik
Henry Jøsokbakke

underskrifter

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr
ordfører

Olaug Andreassen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 172/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 173/15	Protokoll frå førre møte
PS 174/15	Referatsaker
PS 175/15	Herøy Vasslag BA - Søknad om kommunal lånegaranti stort NOK 30,0 mill kr. Presisering av lånevilkår.
PS 176/15	Økonomisk avslutning av prosjektnr. 51310 Uteområde øvre Fosnavåg
PS 177/15	Selskapskontroll.
PS 178/15	Budsjettkontroll per 31.08.2015
PS 179/15	Leikanger skule - tilbygg 2016 - omdisponering av investeringsmidlar
	Referatsaker
RS 50/15	Melding om vedtak. Endringar på eigarsida - Dragsundbygg IKS.

PS 172/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Formannskapet vedtok samrøystes at F-sak 178/15 og F-sak 179/15 vert sett på saklista.

PS 173/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 174/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre.

PS 175/15 HERØY VASSLAG BA - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI STORT NOK 30,0 MILL KR. PRESISERING AV LÅNEVILKÅR.

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Herøy Vasslag. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KI §40, Fvl § 6 e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 29.09.2015

1. Herøy kommune yter ein kommunal lånegaranti – sjølvskuldskausjon – på inntil NOK 30,0 mill + 10% til Herøy Vasslag SA.
2. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 38 år med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.
3. Garantien vert gitt under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

PS 176/15 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKTNR. 51310 UTEOMRÅDE ØVRE FOSNAVÅG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 29.09.2015

Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjektnr. 51310.

PS 177/15 SELSKAPSKONTROLL.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 29.09.2015

Saka vert utsett.

Formannskapet ber kontrollutvalet kome med eit forslag til revisjon av retningslinene for selskapskontroll og rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement med særleg vekt på:

- Opplæring
- Innsynsrett
- Styreforsikring
- Val/mandat
- Vedtektsendring/kapitalendring

PS 178/15 BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2015

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen, leiar barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen, barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 29.09.2015

Kommunestyret viser til sitt vedtak i K-sak 174/14 der kommunestyret innførte stans i tilsetjing og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald. Ved presserande behov for tilsetjing i vakant stilling, skal dette avgjerast av formannskapet.

Kommunestyret innskjerpar no dette ytterlegare slik at det vert stans i all vikarbruk der det ikkje vert vurdert som heilt uforsvarleg. Denne vurderinga skal gjerast av den som har det faglege ansvaret.

PS 179/15 LEIKANGER SKULE - TILBYGG 2016 - OMDISPONERING AV INVESTERINGSMIDLAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 29.09.2015

Det gjerast slik omdisponering av løyvde investeringsmidlar i budsjettet for 2015:

Prosjekt	Budsjett 2015	Endring
Frøystad skule – riving	800 000,-	- 150 000,-
Eggesbøvegen 20 – riving	1 000 000,-	- 150 000,-
Herøy rådhus - planlegging	250 000,-	- 100 000,-
Einedalen skule – planlegging av fleirbrukshall	250 000,-	- 100 000,-
Leikanger skule – tilbygg 2016	0,-	500 000,-
Sum	2 300 000,-	0,-

MØTET SLUTT KL. 16:45